

KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 3/20 · 30. ÅRGANG



3-4

Ungkyrkja

6-7

Brødrene Alver

9

Minnelund



DEN NORSKE KYRKJA

Meland kyrkjelyd

KONTAKT er kyrkjebladet for

Meland kyrkjelyd. Det vert

laga i samarbeid med Knarvik,

Osterfjorden og Mo sokn

Kyrkjebladet kjem ut fire gonger i året.

Bankgiro: 3632.07.04019 eller

Vipps 59301

Redaktør: Gunvor Taule Mjanger

Redaksjon: Vibeke Bjørndal Midttun og

Anne Sofie N. Uthaug

Grafisk design: Simen Søvik

Trykk: Bodoni AS

Framsida-bilde: Kyrkjeis på kyrkjebakken.

Foto: Regine Sagstad Berg

www.melandkyrkja.no

Adresse: Postboks 117, 5906 Frekhaug

Telefon: 4000 1691

Telefontid Alver:

Mandag-fredag 10.00-14.00

Epost: post.meland@kyrkja.no

Besøksadresse kontor og Møteplassen:

Havnevegen 31, Frekhaug

Tankestrekk

Tekst: Spesialprest Håkon Økland Kinsarvik

Som ungdom i kyrkja fekk me høyre at me var framtida. Noko uforløyst der framme ein plass. Alt skal takast opp i beste meining, og det gjorde me. Lite tenkte eg over at me i ungdomsmiljøet var i notida. At me var ein del av den heilt sentrale og viktige kyrkjelyden. Me i Melandkyrkja drøymmer om å vera ei kyrkje som ungdom kjenner at dei er ein del av *i dag*.

Ungdom skal vera i sentrum av arbeidet vårt, difor må me retta fokus på korleis dei kan kjenna seg som ein del av kyrkjelyden vår.

Det å ha eit eige tilbod for ungdom er sentralt for at me skal lukkast i oppdraget om å gjera folk til læresveinar (Matt 28,19-20).

Me ønskjer å utvide tilbodet slik at me i større grad kan hjelpa ungdom til å finne den kristne identiteten sin og vekse i trua. Eg som spesialprest drøymmer om ein stad der ungdom kjenner at dei kan kome saman, bli sett og utfordra til etterfølging av Jesus. Eg hugsar godt kor mykje det betydde at vaksne leiarar tok seg tid til meg i ungdommen. Dei utfordra meg og lærte meg opp i den kristne trua. Dette handlar sjølvstakt om framtida, men like mykje om notida.

I år blei biskopen og prestane i Bjørgvin utfordra av ungdomspresten i St. Jakob kirken i Bergen til å tenkje utanom boksen. Kva med å tenke andre dagar enn søndag? Er det mogleg? Kan gudstenesta sjå annleis ut? Både med tanke på uttrykk og heile ramma for korleis ein tenkjer ein kristen livsrytme? Biskopen var positiv, men og undrande.

I vår var planen å starte opp ungkyrkja, ein stad der ungdom kan komme saman, få opplæring, bli sett og ha det kjekt. Vi vil heller prøve å starte opp no til hausten.

Det vil stå meir om dette i denne utgåva av Kontakt, men bli gjerne med og heie på ungdom som vil vera med i Ungkyrkja på Frekhaug.



Bjørn Tore Sæle

Sokneprest - 450 35 084

bs694@kyrkja.no



Anne Sofie Nergård Uthaug

Dagleg leiar - 404 62 647

au887@kyrkja.no



Ruben Sæle

Diakon med ungdomsfokus

400 01 691 - rs433@kyrkja.no



Håkon Økland Kinsarvik

Spesialprest - 976 44 169

hk482@kirken.no



Anne Marit Fosse Dahle

Kyrkjelydspedagog - 400 01 691

ad423@kyrkja.no



Trond Fykse

Kyrkjelydsmusikar - 400 01 691

tf788@kyrkja.no



Junji Furukawa

Kyrkjetenar - 467 97 567

junjif@sky.plala.or.jp



Linda Gripsgård Lunga

Konsulent - 400 01 691

ll362@kyrkja.no



Regine Sagstad Berg

Soknerådsleiar - 993 24 460

reginesagstad@gmail.com



Følg oss på Facebook:

@melandkyrkja

Ungkyrkja

Tekst: Håkon Økland Kinsarvik og Ruben Sæle
Foto: Regine Sagstad Berg

I 1. Tim 4,12 står det: *Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik.*

På konfirmantleir i januar i år gav vi ei utfordring til konfirmantane. Dei vart delte inn i ulike grupper der dei skulle vise oss korleis kyrkja kan leggje til rette for at ungdom blir ein aktiv del av kyrkjelyden. Nokre fekk ansvar for å teikne korleis lokala skulle sjå ut, medan andre skulle finne ulike tema dei synest er viktige å ta opp.

Leiarane på leiren vart oppglødde då dei såg kor godt konfirmantane omfamna oppgåva og gav seg i å tenke langt utanfor boksen. Her er nokre av forslaga dei kom med:

- Overnatting i kyrkja
- Lære meir om Gud og dei vanskelege spørsmåla i livet
- Bakgrunnsmusikk under preika
- Samlingar som inspirerer og byggjer eit godt miljø
- Ein kyrkjelyd som er meir aktiv på sosiale media som TikTok og Instagram
- Fleire filmsnuttar på Youtube
- Kontinuerleg tilbod

EIT KONFIRMANTKULL MED STOR VILJE TIL Å VERE MED

Bestillinga var stor, men det var også viljen til å vere med i ungkyrkja. Planen var å starte allereie i april/mai med konfirmantsamlingar slik at det skulle verte ein god overgang frå konfirmantåret til ungkyrkja, men som alt anna måtte planane utsetjast denne våren. Vi ønskjer å begynne så smått med nokre samlingar no i haust der vi legg grunnlag for hendingar som overnatting i kyrkja og ein helgetur til våren. Dette kan vere med å skape eit godt og trygt miljø der ungdomsgjengen finn saman.

Vi møttest på Frekhaug senter, der vi håpar at vi etter kvart kan leige eit lokale vi kan bruke til ungdomsarbeidet. Vi skal lære om Gud, i tillegg blir det mat, leik og song. Ungdomane kan også stille spørsmål til ein prest, diakon eller ein annan kristen om det dei måtte lure på. Vi håpar vi etter kvart kan få til eit band med ungdomar og at vi får til ei ungdomsgudsteneste. Ei samling vil vare rundt to timar. Då er det sikkert så intenst at ein kjenner at det skjer noko, samstundes som det er god tid til dei gode samtalane.



SITUASJONEN I DAG

I dag har vi Tenklubben på bedehuset på Frekhaug. Det er eit viktig arbeid og lågterskeltilbod, og ein del ungdom kjem innom desse på laurdagskveldane. Vi ser stor verdi i at ungdommane er der og ser at det betyr mykje for dei. Dette er noko vi i kyrkja engasjerer oss i og heiar på.

Vi vil at ungkyrkja skal ha eit litt anna innhald, noko som kan gje vekst i tru og liv. Målet er at vi kan få til noko som er kontinuerleg og stort, både at det er kjekt å vere der, og at det har ein stor breidde av ungdom. Vi byrjar i år med konfirmantane som vi alt har. No i haust håpar vi på tre samlingar på Frekhaug, pluss ei overnatting i kyrkja og ei ungdomsgudsteneste. Vi jobbar fram mot dette, men mykje er avhengig av om me lukkast med å nå ungdommane og korleis koronasituasjonen framover blir.



LEIARKURS

Vi veit at nokre vil ha ei teneste i kyrkjelyden. På leiarkurs får ein praktisk opplæring i tenester i kyrkja. Det skjer i trusopplæringstiltak eller å vere med på konfirmantleir som hjelpeleiar. Målet er at ungdommane får nok utfordring, og støtte, til å lukkast.

DRAUMEN

Draumen er at ungdom skal ha eit kristent miljø knytt til kyrkja. Ein plass som gjev frimod og glede, der ein kan bli glad i Jesus og kjenne seg elska som ein er. Ungdom er ein del av notida. Vi har som kyrkje eit ansvar for å gje ungdom opplæring og hjelp til etterfølging av Jesus.

UTANFOR BOKSEN

Det er både trygt og godt å tenkje innanfor dei tradisjonelle boksane, det gjev oversikt og kontroll. No er det på tide å sjå utover for å finne nye måtar å gjere ting på. Noko av det som slo meg då eg var på konfirmantleir, var kor konkret og kor utanfor boksen konfirmantane tenkte. Difor er mykje av vår forsiktige prøving eit eksperiment, der vi med Guds hjelp, flott ungdom og gode leiarar kan lukkast i å skapa eit ungdomsmiljø i Meland kyrkjelyd.



Frå kyrkjebenken

Tekst: Kjell Harald Nedreaas
Foto: Gunvor Taule Mjanger

– Kva kyrkje tilhøyrer du?

– Ostereidet kyrkje.

– Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

– Eg har deltatt på gudstenester og andre kyrkjelydsarrangement sidan kyrkja var ny i 1988, men har nok vore meir aktiv etter at eg flytta heim igjen frå Bergen i 2005 og var med i soknerådet i perioden 2012-2015.

– Kva set du mest pris på ved Ostereidet kyrkjelyd?

– Å kunne ha ei formell tilhøyring til ein kyrkjelyd på heimstaden er trygt og godt i eit elles rastlaust og travelt liv.

– Korleis vil du skildra kyrkja?

– Det heilage kyrkjerommet bringer himmelen nærare jorda, og gjev fred og ro til å reflektere over fortid og framtid i lys av Herrens Ord. Den faste litturgien i gudstenesta skapar ei tidlaus heilag ramme, gjev ro i sinnet og ny kraft og glede i kvardagen. Samveret med andre truande gjev tryggleik, glede og frimot.

– Det er viktig for meg at det er ei kyrkje for heile folket, både dei truande, dei søkjande/trengjande, dei usikre og dei som vil ha/treng ei heilag ramme kring ein livssituasjon, og der Ordet blir forkynt slik det står skrive i Bibelen.

– Ostereidet kyrkje er eit særst tenleg hus for mange kyrkjelege formål og sosiale samankomstar.

– Er det ein eller fleire salmar du likar godt?

– Eg likar gode og innhaldsrike salmar som er melodiose og lette å syngje. Eg vil særskilt nemne salmane til Trygve Bjerkrheim, bl.a. ”Takk at du tok mine byrder” (NOS 381) og ”Det er makt i de foldete hender (NOS



FAKTA

Namn: Kjell Harald Nedreaas

Alder: 62 år

Bustad: Askelandsvågen,
5993 Ostereidet

Yrke: Havforskar

631), alle salmane til Lina Sandell, bl.a. ”Jag kan icke räkna dem alla” (NOS 376), ”Ingen er så trygg i fare” (488), ”Blott en dag” (489) og ”Bred dina vida vingar” (NOS 819). Også den fine vår- og sommar salmen ”Så grønn en drakt” (NOS 845).

– Kva kjenner ein god kyrkjekaffi?

– Kyrkjekaffien gjev oss eit høve til å dele eit lite måltid og ein avslappande og uformell prat med bygdefolk om både det eine og andre. At presten er med for å svare på spørsmål om preika sikrar ein god kyrkjekaffi. Det vesle måltidet og praten er viktigare enn menyen.



MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no
www.melandelektro.no

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?



22 40 00 40



Brødrene Rune og Inge Alver kjenner sterk tilknytning til lokalmiljøet i Alverstraumen og kyrkja i Alversund.

Kulturformidlarar og fiskarbønder

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

RUNE (63) HAR SKAPT EIN KARRIERE SOM PIANIST MED SUKSESS BÅDE I INN- OG UTLAND. BROR INGE (73) HAR VORE SKULEMEISTER I STORE DELAR AV SITT YRKESAKTIVE LIV. BEGGE ER KULTURPROFILAR I ALVER.

Inge og Rune Alver fekk musikken inn med morsmjølka – songleda var stor på begge sider av familiegreinene. Mor Aud spelte husorgel og faren lærte seg å spela fiolin i ein alder av 40 – då han utdanna seg til lærar på lærarskulen på Stord. Bestefaren var med å stifte musikkorps i Alverstraumen og var også dirigent i mange år.

Musikken har følgd Alver-brørne gjennom heile livet. Rune har halde konsertar på alle kontinent. Inge kan trygt kallast ein relativt kvalifisert publikummar.

SJUMILSSTEG

Rune begynte å spela piano i sjuårs-alderen, og frå 13-14-års-alderen utvikla han seg med sjumilssteg. Særleg var det kjærleiken til Chopin sin musikk som dreiv han, men han såg absolutt ikkje for seg ein yrkeskarriere som pianist. Rune

fekk sin klaver-debut som 20-åring, men før det hadde han også utmerka seg med å bli Ungdommens pianomeister i Norge.

I tillegg til Chopin står Schumann og Beethoven sin musikk høgt i kurs hjå pianisten frå Alver. Men Grieg har hatt – og har ein spesiell plass hjå Rune Alver – som er kjend for å vera ein framifrå Grieg-tolkar – og har spelt inn ein god del av hans musikk. Han har i seinare år jobba mykje med å få fram musikk av nyare norske komponistar som han meiner fortener ein plass i lyset.

Rune Alver samarbeider med framstående muskarar, skodespelarar og bildekunstnarar i tradisjonelle og meir eksperimentelle konsept. Mellom anna har han hatt eit langt og godt samspel med norsk teater sin grand old man, Toralv Maurstad.

STOR INTERESSE FOR KULTUR OG HISTORIE

Brørne har stor sans for lokal kultur og tradisjon. Men samstundes har dei eit ope blick på den store verda. Rune har reist med musikken sin i mange land, og hausta ovasjonar mellom anna for sine tolkingar av Grieg sine verk. Inge har

dei seinare åra tatt med seg reisefølgje til utlandet. Interes-
sa for ulike land sin kultur og historie har ført han både til
Italia, Hellas, Spania og Frankrike, og ei rekkje andre euro-
peiske land. Det starta med at han gjennomførte eit opplegg
for kollegaer og kjende, og seinare har det balla på seg.

- Det viser seg å vera stor interesse for å vita meir om vår
eigen og europeisk historie og kultur, seier Inge Alver.

- Det er hardt arbeid å reisa på tur med Inge, røpar Rune. –
Men veldig lærerikt og spennande, legg han til.

- Eg og Inge har til felles at vi formidlar norsk og europeisk
kultur og historie, seier Rune.

Samtidig har dei begge beina godt planta i fiskarbonden sitt
rike. Dei har ingen ting i mot å kalla seg fiskarbondar. Dei
held både seg og delar av slekta med fisk dei har tatt på ei-
gen kjø. Og i sommar har familien sine fjorten sauer beita
utfor «nørvæ».

MØTEST I KYRKJETÅRNET

Me møter brørne i tårnet i heimekyrkja i Alversund. Begge
har eit godt forhold til kyrkja. Inge har ei fortid som med-
lem i soknerådet og leiar i tidlegare Lindås kyrkjelege fel-
lesråd. Han har også vore med å ringja inn jula i Alversund.

Han har også hatt rolla som Petter Dass i eit større jubileum-
sprogram om dikterpresten frå Alstadhaug, eit program
Inge saman med Alversund kammerkor, Eilif B. Løtveit og
fleire. Programmet hadde premiere i Alversund kyrkje og
vart seinare framførte i mange andre forsamlingshus. Han
har også vore festleiar og konferansier på ei rekkje arrange-
ment og konsertar i blant anna Knarvik kyrkje.

Rune har vitja ei rekkje kyrkjer i landet med konsertpro-
grammet «Goldberg-variasjonane av J. S. Bach i kombina-
sjon med bibelsk billedkunst frå barokken». Han inviterte
også til konsert i Knarvik kyrkje som ein del av 60-årsmar-
keringa si, og både Rune og Inge var med då Musikkens Ven-
ner markerte overgangen til Alver kommune med festkon-
sert nyttårsaftan. Seinast på 17. mai var han med på ei digital
gudsteneste frå Alversund kyrkje.

- Synest det er veldig kjekt å delta på gudstenester i lokal-
miljøet med både velkjend og mindre kjend musikk, seier
Rune Alver.

SER BEHOV FOR EIT KULTURHUS

Brørne gler seg over det rike musikk-, kunst- og kulturlivet
i regionen vår. Sjølv om Knarvik kyrkje har blitt ein mykje
brukt arena for både kulturarrangement og konsertar, så ser
dei behovet for eit kulturhus i regionen med plass til kon-
sertar, teater og utstillingar av bildekunst.

Inge meiner regionen også manglar eit regionalt museum-
slokale på denne sida av Nordhordlandsbrua. Sjølv er han



Intervjuet blei gjort i kyrkjetårnet i Alversund kyrkje.

leiar for arbeidet med bygdeboka for Alversund, som høgst
truleg vil koma ut i løpet av neste år.

Den mangeårige rektoren har dei siste åra brukt mykje tid i
Ressursgruppa i Nordhordland næringslag, i arbeidet med å
hjelpa ungdommar som av ulike grunnar «fell utanfor» med
praksisplass/jobbs i lokale bedrifter – eller motivera dei til
vidare skulegang.

- Eit anna mål me har sett oss er at skuleungdom på yr-
kesfag på dei tre vidaregåande skulane i regionen skal vera
sikra læreplass dersom dei står i alle fag, fortel Inge. Ingen
andre i landet gir ein slikt «læreplass-garanti».

RAFFINERTE RETTAR

Alver-brørne har stor sans for mat – både norsk kvardag-
skost og meir raffinerte rettar. Eldstemann slår eit slag for
pianisten si neslesuppe. Inge kan forresten smykke seg med
den litt uhøgtidelege tittelen som æresmedlem i Kokkeka-
meratane, etter å ha formidla sine kunnskapar om mat og
edle dråpar. Mange har hatt glede av hans vinkurs.

Frå nyttår kunne brørne konstatera at den nye kommunen
tok same namn som dei.

- Det var ikkje vår idè, men eg brukar det for alt det er verd,
seier Rune Alver lattermildt.

Så er me nede igjen frå kyrkjetårnet, og utanfor kyrkjedøra
kan me skoda utover den vakre Alverstraumen.



	EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE	
	Torvhusmyrane 6 Nordhordland Næringspark 5913 Eikangervåg	
HELLAND ELEKTRO AS	Tlf: 56 34 24 30 E-post: post@helland-elektro.no www.helland-elektro.no Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA	SIKRINGEN - din elektriker

Fjon Fjellkyrkje har ledig plass

Tekst: Geir Øy Foto: Privat

Fjon fjellkyrkje ligg ikkje langt frå allfarveg, like ved E39, men likevel godt for seg sjølv på Haukeland i Masfjorden. Også Fjon har fått merke følgjene av nedstenginga i vår. Tidlegare sokneprest i Masfjorden, Knut Fr. Sørheim er styremedlem og ansvarleg for utleiga.

– Korleis har koronatiltaka fått følgjer ved Fjon?

– Det årlege rådsmøtet, som skulle vore alt 17.mars, er utsett til hausten. Meir synd er det at vi måtte avlyse gudstjenesta skjærtorsdag, ei gudstjeneste som har hatt sin plass kvart år heilt frå 1977 då tomte var utpeika. Det er også leit at olsokstemnet som brukar å samle 120-150 personar, må gå ut, seier han.

Sørheim fortel at dei hadde ei uvanleg svar 'ordrebok' frå midt i mars og fram mot sommaren. Samanlikna med fjoråret, får fjellkyrkja eit betydeleg inntekststap på om lag 75 000 kr. Av eit årsbudsjett på 300 000 kr er det ganske mykje.

– Kva følgjer får dette for den vidare drifta?

– Oppspart kapital var tenkt brukt til opprusting. Denne har vi no i stor grad blitt nytta til dekning av faste kostnader som straum og forsikring. Det betyr sjølvsgatt at det blir svært spennande korleis inntektene blir vidare utover hausten og vinteren. Vi har ikkje fått avbestillingar for hausten, og det har kome nokre nye bestillingar.



- Vil det vere trygt å bruke Fjon framover?

- Ja, så sant ein tek smitteverntiltak på alvor, skal det gå fint, men det ansvaret må kvar leigetakar ta. Reglar for smittevern er utarbeidd i samråd med kommunelegen i Masfjorden. Men med tanke på avstandskrav, kan det bli litt vanskar med kapasiteten for enkelte.

– Kva tenkjer du om framtida for Fjon?

– No har eg følgd verksemda ved Fjon gjennom snart 40 år, og eg er imponert over kor mange ulike grupper som har funne Fjon som velegna stad. Det er konfirmantar, andre ungdomsgrupper, bibelskular; det har vore møte for styre og sokneråd, kveldssamlingar og helgeopphald, familiesamvær og stad for merkedagar. No er det berre å vona at mange ser denne fantastisk flotte staden og held fram med å bruke han like jamt som til no. Eg håpar også at vi framleis vil ha nokon som på vegne av sokna, som eig Fjon, er villige til å ta oppgåvene med drifta på dugnad, slik det gjennom alle desse åra, seier Knut Sørheim.



Dugnadsinnsats er avgjerande for drifta ved Fjon fjellkyrkje. Astor Angelsgård arbeider ute ved grillhytta. I matpausen har han selskap av Bjørn Erik Hjørnevik (f.v.) og John Henanger.



MINNELUND

Eit alternativ til gravstein

Tekst: Gunvor Taule Mjanger

Foto: Jens Z. Meyer, Bjørgvin bispedømekontor

FLEIRE ØNSKJER MINNELUNDAR

Stadig fleire ønskjer å leggje sine døde i felles gravstader. Etterspørselen etter minnelundar har auka så kraftig at nesten halvparten av kommunane i landet no har minst ein minnelund. Jens Z. Meyer, rådgjevar ved Bjørgvin bispedømekontor, opplyser at det er slike mellom anna på gravplassen ved Åsane gamle kyrkje, ved Fana kyrkje og Kuventræ i Os. Voss har nett fått godkjenning. Me har spurt kyrkjevevja i Alver, John Fredrik Wallace, om minnelundar har vore tema i Alver kyrkjelege fellesråd (AKF).

-AKF har så langt ikkje jobba mykje med namna minnelundar, men det ligg no til rette for dette i vedtektene som fellesrådet har vedtatt for gravplassane i Alver kommune, seier han. Dette er eit første steg. Det er til no ingen minnelundar i kommunen.

NY GRAVPLASS PÅ LINDÅS

Lindås kyrkjelege fellesråd hadde lenge arbeid med å utvida gravplassen på Lindås, og fellesrådet i Alver har overtatt dette. I første byggjesteget er namna minnelund ein integrert del av ny gravplass, i tillegg til 72 urnegraver og 181 kiste-graver.

I Radøy sokn har ein arbeid med å leggja til rette for ein minnelund på gravplassen ved Manger kyrkje. Det er ikkje tilrettelagt for minnelund på Knarvik kyrkjegard. Det må vurderast og fellesrådet må drøfta og ta stilling til det.

Neste prosjekt er i Meland sokn. Ny gravplass ligg i kommunen sin langtidsplan, og minnelund er sjølv sagt også aktuelt der.

TRADISJONAR I ENDRING

Gamle tradisjonar er i endring, nye generasjonar tenkjer annleis enn dei gjorde før. Gravstellet har følgt garden. Den som overtok garden, overtok også gravstellet. Slik er det ikkje lengre. Mange opplever ein namna minnelund som eit fint og tilrettelagt alternativ til eigen gravstein.

-Det er naturleg å ha namna minnelund på meir enn ein stad i Alver kommune, men ikkje på alle 25 gravplassane. Dette tar tid, og me må jobba godt med dette, avsluttar kyrkjevevja.



Ein minnelund med namn er eit felles minnesmerke. Det blir ikkje sett eit gravminne ved kvar grav. I staden for kan ein velje å setje opp namn og årstal for fødsel og død på den gravlagte på ei minneplate. Alle desse minneplatene vil ha same utforming.

I ein minnelund med namn vil gravplassforvaltninga sørge for felles beplanting og dei etterlatne kan setje blomar og lys der. Ein betalar inn ein eingongssum. Dette er vanlegvis langt mindre enn det du må ut med for stell av ein gravstad med eige gravminne.

Gravferdsforskrifta vart endra i 2012 og fekk då eigne punkt for minnelundar med namn. Endringa opnar for at gravferdsforvaltninga i kvar kommune (kyrkjeleg fellesråd) sjølv kan vedta å etablere ein eller fleire minnelundar.



Kyrkjevevja i Alver, John Fredrik Wallace. Foto: Geir Øy

SPØRJEUNDERSØKING

Redaksjonen i kyrkjebladet vil gjennomføra ei spørjeundersøking om dette tema på Facebook.

Gå inn på Knarvik kyrkje si facebookside og sei di mening! Så presenterer me resultatet i neste nummer.

KRYSSORD

Laga av Arvid Sakseide

nr. 3 i år 2020	<u>kor</u> net R	nauda	bu- stad- en	bal	No- reg	sno- kane	ar- beids- plass	la i seg	dela likt										
grein					grev													<u>si</u> tja	
arab. hov- ding					gran- nar			skrå- ning org.											
kasus- form															vekt	del av frank.- middel		norsk poli- tikar	<u>saft</u>
israelsk stamme																			
haug				fiskar	<u>klok</u> ka												el	<u>flå</u> te	
		ins- trum- entet	røys ----- rett			trave klov- nane	<u>heil</u> ag	<u>mål</u>											
til- strek- keleg									<u>pref.</u>										
hola				<u>gri</u> pa			plante- stikk- masse	ei <u>West</u> lureri					<u>pron.</u> norsk elv						
					hei- der giro				serum, <u>eng.</u> studerte										
norsk fest- ning																			
smyk- kekol- eksjon	<u>instr.</u>			<u>renna</u>	japa- narar									<u>prep.</u> skra- tta					
elv					nek- ting gr.st.						<u>fugl</u> veg- klasse								
selsk. i Nøt- terøy										<u>50</u>									

Send heile kryssordet (evt.foto/scan) innan 22. oktober til post.meland@kyrkja.no eller i post til Meland kyrkjelyd, Postboks 117, 5906 Frekhaug. Premie: Gåvekort kr. 250, Knarvik Senter. Vinnar av førre kryssord: Astrid Torsvik, 3482 Tofte.

Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrette-
legging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

Nordhordland VIRKE
Begravelsesbyrå AS GRAVFERD

Ring oss på tlf. 56 37 14 10
eller sjå www.nordh-bb.no

*Stort utvalg
i blomster og
gravminne!*

KYRKJEVEGEN 1 5911 Alversund
FREKHAUG: Havnevegen 31,
5918 Frekhaug
AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen

Debuterer med ungdomsbok om Peter

Tekst: Arthur Kleiveland

Foto: Privat

Torbjørn Sæle har mange gonger lurt på korleis det var å vera Peter eller ein av dei andre i flokken som følgde etter Jesus. I ei bok som kjem ut i haust tar Knarvik-presten lesarane med inn i undringa om kven Jesus var – og er.

Sæle skriv først og fremst for ungdom og konfirmantar. Likevel trur han at tekstane kan vera aktuelle også for andre.

– Vi kan alle ha glede av å nærma oss Bibelen sine tekstar frå ulike innfallsvinklar. Anten vi har lese dei mange gongar eller om det er for første gong, om vi er 15 eller 51 år.

Boka følgjer framdrifta i Markus-evangeliet, men er avgrensa til dei hendingane der det er tydeleg at Peter eller fleire av disiplane er til stades. Til kvart av dei rundt 50 korte stykka følgjer det også med ei teikning, ei forklaring av eitt av orda i bibelteksten og eit spørsmål til eigenrefleksjon eller samtale.

UNDRING UNDERVEGS

I boka ønskjer Sæle å presentera disippelen si eiga forteljing – nærast som ei dagbok, ein blogg, eit reisebrev. Her er det oppturar og nedturar, glede og sorg, presentert utan filter.

– Vi kan bla til slutten av evangelia for å finna ut korleis det endar, men Peter og dei andre visste jo ikkje kva som kom til å skje neste dag. Eg har lurt på korleis det var å oppleve Jesus sine under og høyra forteljingane hans «live». Kva har Peter tenkt og kjent på undervegs? Det har eg prøvt å

få fram i Peters hemmelige notater, seier Sæle.

For mange kan det vera krevjande å setja seg ned å lesa Bibelen, og Sæle ønskjer å hjelpa ungdom og konfirmantar til å bli kjent med sentrale forteljingar om Jesus.

– I Markusevangeliet er det mange spennande forteljingar og gode skildringar. Gjennom denne boka vil eg prøva å gje litt starthjelp til det kortaste evangeliet, seier Sæle.

Gjennom skildringane til Peter håpar han dei som les vil oppleve at dei nærmast er til stades i det som skjer. – På den måten kan det skapast ein nærleik til viktige hendingar. Kanskje nokon også får seg ei a-ha-oppleving, slik som Peter.

VAR EIT VANLEG MENNESKE

For Torbjørn Sæle er det eit poeng å få fram at Peter var eit vanleg menneske som oss. Det var mykje han ikkje forstod, og han stilte spørsmål.

– Han prøvde seg fram, sa og gjorde gale ting og fekk nye sjansar. Eg trur vi alle kan finna noko vi kjenner oss igjen i ved å lesa Peter sine hemmelege notat, seier han.

Nokre av konfirmantane og ungdomane i kyrkjelyden har fått testa ut delar av boka, seinast før påske som eit alternativt opplegg då kyrkjene vart stengde og alternativ undervisning måtte lagast. Tilbakemeldingane gir Sæle tru på at dette kan vera til hjelp og bety noko positivt. Enkelte har også blitt bedne om å gje respons på korleis dei opplever boka. Dei har sagt at det er ein spennande måte å bli betre kjent med Bibelen på.



ANDAKT

Av Maria Sæle.

Ho er gift og har to born, bur på Frekhaug og er lærar på Grasdal skule.

Eg er ein av dei mange hundretusen som benka meg foran realityprogrammet «Kompani Lauritzen» denne våren. Eg lot meg begreistre; mest av alt av samhaldet som oppstod mellom alle i kompaniet. Det fekk meg mange gonger

til å tenke på kva eit kompani er. Dei fleste får naturleg nok militære assosiasjonar til ordet, og dessutan liknar det ordet «kompis». Ordet «kompani» har fleire tydingar, men kjem opprinneleg frå latin, *cum panis*, som oversett til norsk tyder «saman om brødet».

Å vere saman om eit brød kan handle om å ete i lag. Ikkje berre eit brød, men å dele eit måltid i lag med nokon. Om ein deler eit måltid i lag, skjer det noko menneske i mellom. Gleda over å sitje til bords saman med nokon, både til kvar dags og til fest, kan vere stor. I eit måltid er det ikkje berre maten som er viktig,

men fellesskapet mellom dei som deler måltidet er kanskje viktigare. I kompaniet oppstår samhaldet og praten, tårene og latteren, gjerne rundt leirbålet eller på kaserna. Kvifor? Fordi dei har noko i lag, noko som bind dei saman.

Jesus er radikal når han inviterer til måltid. Han inviterte menneske som samfunnet elles såg ned på og braut slik med skikk og bruk i samtida. Ved å ha måltidsfellesskap med menneske som andre unngikk, gav han dei verdi.

Jesus inviterer også oss til måltidsfellesskap i nattverden. I nattverden handlar det ikkje om å bli mett i ma-

gen, men det er fellesskapet med Jesus som er det sentrale. Og ikkje berre det; samhaldet med dei andre som tek del i måltidet; kyrkjelyden – kompaniet, vert fornya.

Jesus utfordrar oss ved måten han sjølv inviterte menneske. Kan vi gjere noko av det same? Invitere ein nabo, ein kollega, som ein sjeldan snakkar med? Du skal ikkje sjå bort i frå att de vert kompisar.

Jesus seier: «Sjå, eg står framfor døra og bankar. Om nokon høyrer mi røyst og opnar døra, då vil eg gå inn til han og halda måltid, eg med han og han med meg.» (Op 3,20)



Rune Iversen bur i Alvermarka. Han er kokk på Nordsjø-plattformen Gudrun.

OPPSKRIFT

RATATOUILLE

Tekst/foto: Yvonne Cecilie Jordal

Velkommen til det franske kjøkken og ein klassikar av ein grønsaksrett, brukande både som tilbehør og åleine. Ein ekte franskmann brukar nok ikkje så mykje rotgrønnsaker, men ein kan ha i dei grønsakene ein likar best. Seinsommar og haust er ei herleg tid for ferske og

næringsrike grønsaker, og jo fleire sortar du brukar, desto breiare innhald av vitaminer, mineraler og antioksidantar.

Denne varianten er med gulrot, selleri, persillerot, pastinakk, fennikel, squash, løk, raud og gul paprika, aubergine og tomat. Kokken vår brukar omtrent like mykje av kvar grønsak, ca ein av kvar til ein gjennomsnittleg stor familie.

Skjær alle grønsakene i like store terningar, ca 1x1 cm. Alle gode franske oppskrifter startar med olivenolje og kvitløk, så også denne: Hakk opp eit par gode kvitløksfedd og ha det i ein god, tjukkbusna kjele, varm den forsiktig i ein raus porsjon olivenolje og ha i grønsakene etter tur.

Start med rotgrønsakene, dei treng lengst tid. Lat dei surre fire, fem minutt. Det skal vere god varme, men grønsakene skal ikkje brunast.

Så fyller du på med fennikel, paprika, squash og løk. Lat det surre nye fire, fem minutt før du har i dei blautaste grønsakene, tomat og aubergine. Nye tre, fire minutt i kjelen før du har oppi ein halv boks finhakka tomatar.

Skrú opp varmen litt og lat det småkoke til det det begynner å «stue seg» litt, det vil seia at væska nesten har kokt heilt inn og tomatane begynner å bli litt klissete. Alt i alt tar varmebehandlinga 15-20 minutt.

Smak til med salt og pepper: Voila!

PS: Lag rikeleg. Dette forsvinn fort!



KNARVIK 40 SENTER

Møteplassen for handel og kultur

**Knarvik
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

Glimt frå friluftsgudsteneste

Tekst: Vibeke B. Midttun
Foto: Regine S. Berg

Kristi himmelfartsdag var det duka for gudsteneste på Håøytoppen, og sol og gode temperaturer la til rette for ein strålende dag. Tale av Bjørn Tore Sæle, sang og dans av flinke born og vakkert trompetspel av Knut og Frida S. Rasmussen var noko av det dei mange som valde å ta turen denne formiddagen fekk nytte.



KVA SKJER I MELAND?

Du er hjarteleg velkommen til å bli med på samlingar og aktivitetar i regi av, eller i samarbeid med Meland kyrkjelyd.

NB! GRUNNA SITUASJONEN MED KORONAVIRUSET STÅR NOKRE ARRANGEMENT FRAMLEIS PÅ VENT. SISTE OPPDATERING FINNS PÅ HEIMESIDENE.

Gudsteneste kvar søndag i Meland kyrkje kl. 11.00.

Treng du skyss til Meland kyrkje? Ta kontakt med kyrjekontoret: 40001691.

Felix Vocalis. Kor for vaksne. Øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 20.00 - 22.00 på Møteplassen. *Kontakt: Jannicke Wisløff Åsebø, 40 22 86 94.*

Husgrupper. Smågrupper som møtest i heimar. Sosialt, samtale, måltid, bøn. *Kontakt: Kyrjekontoret, 56 17 14 80.*

Språkkafe for innvandrarrar. Planlegg for ny oppstart januar 2021. *Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.*

KRIK Meland. Trening, leik og andakt i gymsalen på Vestbygd skule ca ein fredag i mnd (sjå Facebook for datoar). To grupper: KompizKRIK: 5-7. klasse, kl. 18-19.30. Frå 8. klasse: Kl 19.30-21.

Levande Lys. Barnekor for deg som har fylt 4 år og oppover. Øver annankvar onsdag (partalsveker) kl. 17.30 - 18.30 på Frekhaug bedehus. *Kontakt: Kamilla Strømsbo Dale, 47 30 65 24.*

Onsdagsklubben. Leik og moro, bibelforteljing og song, bål og bollar for barn og foreldre. Annankvar onsdag (oddetalsveker) kl. 17.30 - 18.30 i Drømmedalen (mellom Mjåtveitstø og Mjåtveitmarka). *Kontakt: Ruben Sæle, 56 17 14 88.*

Open Møteplass. Open treffstad/kafé for dei som er heime på dagtid. Kvar måndag, onsdag og torsdag kl. 11.00-13.30 på Møteplassen. *Kontakt: Åshild B. Furukawa, 916 18 719.*

Seniors. Treffpunkt kvar første torsdag i mnd kl. 1130 - 1430 med program og middag på folkehøgskulen. Samarbeid med Frekhaug indremisjon og Norkirken. *Kontakt: Victor Bakke, 99 61 75 83.*

Tenklubben, ungdomsklubb for deg som går i 8. klasse og oppover. Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 20.00-22.00 på Frekhaug Bedehus. Samarbeid med Frekhaug indremisjon. *Kontakt: Ruben Sæle 56 17 14 88.*

Småbarnstreff med baby-sang. Kvar tysdag kl. 11.00 - 13.00 på Møteplassen. *Kontakt: Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.*

Strilongane. Barnekor for deg som er ca. 4 år og oppover. Øver kvar mandag kl. 17.45 - 18.30 i Ungdomshuset på Rossland. *Kontakt: Sandra Bruvik, 45 25 16 09.*

Søndagsskuleklubben. Aktivitetar og andakt. For barn til og med 2. klasse. Annankvar onsdag kl. 18.00 - 18.45 på

Rossland bedehus. *Kontakt: Annlaug Isdal, 994 70 309.*

Søndagsskulen Løvegjen-gen kvar søndag utanom skuleferiane og familiegudstenester. Gruppe for barn under skulealder og skulebarn opp til 7. kl. *Kontakt: Håkon Økland Kinsarvik, 97 64 41 69.*

Yngres Frekhaug. Aktivitetar, andakt og kiosk. For 5.-7. klassingar. Annankvar fredag (oddetalsveker) kl. 18.30-21 på Frekhaug bedehus. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. *Kontakt: Kari Erikstein, 95 43 58 57.*

Yngres Rossland. Aktivitetar, andakt og enkel matservering, Frå 3. klasse og oppover. Annankvar fredag kl. 18.00 - 19.30 på Rossland bedehus, *Kontakt: Miriam Skurtveit, 94 84 69 96.*

Besøkstenesta. Ønskjer du besøk, eller vil du bli besøksvenn, ta *kontakt med Ruben Sæle 413 83 195*

Rosetenesta. Jubilantar frå 80 år får ei rose frå kyrkjelyden. Ønskjer du å gå med roser, ta *kontakt med Ruben Sæle 413 83 195*

MEIR INFO:
WWW.MELANDKYRKJA.NO

Kort og nytt

SMITTEVERN I GUDSTENESTER OG ANNA I KYRKJA

Frå juni har vi hatt lov å ha inntil 200 personar til stades på arrangement, viss det er sikra nok avstand. I Meland kyrkje har vi rekna ut at vi kan ha maksimum 112 personar tilstades med ein meters avstand. Viss deltakarane kjem i husstander eller kohortar (nærstående) kan ein vere fleire tilstades. På konfirmasjonsgudstenestene blir det gitt egne retningslinjer for å gje plass til gjestene til konfirmantane innanfor det som er forsvarleg, men det blir ikkje opna for andre deltakarar. Alle deltakarar må registrere seg med namn og telefonnummer for eventuell smittesporing og listene blir oppbevarte i 10 dagar. Det er sett inn ekstra reinhaldstiltak.

ANDRE ARRANGEMENT OG SMITTEVERN

Ein del av aktivitetane kjem til å starte opp utover hausten og det vert lagt planar for smittevern for alle desse. Sjå lista: Kva skjer i Meland

NYTT LYDANLEGG I MELAND KYRKJE INSTALLERT

No er det nye lydanlegget på plass i Meland kyrkje. Det er Bright Group som har utført arbeidet og anlegget er blitt betalt av Meland sokneråd.

ALTARRINGEN FORNYA

Altarringen i Meland kyrkje har fått ny stopping og skinn. Arbeidet er gjort av Seilmaker Maren og betalt av Meland sokneråd.

NY DRIFTSLEIAR I ALVER KYRKJELEGE FELLESRÅD

Mange i Melandsbygdene kjenner John Henanger frå arbeid i Meland elektro. No har han starta som driftsleiari for Alver kyrkjelege fellesråd, og han vil få eit ansvar for kyrkja sine bygg og anlegg i heile kommunen og dei som jobbar på gravplassane.

ÅRSMØTE

Årsmøte for Meland kyrkjelyd blir 1.oktober, kl.19.30.

Stad: Frekhaug bedehus. Årsmelding, rekneskap og eventuelle andre dokument vert lagt ut på nettsida og på kyrjekontoret 2 veker før møtet.

Slekters gang

Døpte

Meland kyrkje

2.05.2020

Elias Haugen Sunde

10.05.2020

Theodor Andås

Marie Erstad Leknes

Solveig Erstad Leknes

Sør-Vågsøy kyrkje

21.05.2020

Emil Håvik-Bohlinger

Meland kyrkje

31.05.2020

Jakob Vangdal

Elena Dale Valset

Knarvik kyrkje

7.06.2020

Sofia Tveit Fløysand

21.06.2020

Celestine Bakke Skintveit

Oliver Austrheim-Krogstrup

Gravlagde

Meland kyrkje

30.04.2020

Sigmund Larsen (f.1959)

15.05.2020

Odd Selle (f.1934)

20.05.2020

Ingvard Arnold Larsen (f. 1933)

12.06.2020

Magnus Gaustad (f.1935)

Gravstein i alle utførelser fra enkle og grove til helpolerte.
Tilbehør til gravstedet
Tilførsler av navn
Oppussing vask, stell
Rehabilitering reoperasjon
www.eikner.no

STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN

Lokal representant
Rune Hjemmann
Kyrkjesundsvegen 81, Holsnøy
Mob 91163120

ALT I CATERING

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE
www.catering.com • tlf. 56 17 43 23

NY STEIN · OPPUSSING · NAVNETILFØYING

VESTSTEIN
naturstein

Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale
5918 FREKHAUG - MOB.: 913 13 480

Meland Auto AS
Autorisert bilverkstad
www.melandauto.no

MCA

 **GLØDE**
Arbeids- og Kompetansesenter

Vi tilbyr utleie av flotte festlokale og har gode cateringtilbod til dåp, konfirmasjon, jubileum og minnesamvær.
Sjå www.glode.no eller ta kontakt på 56 17 58 00

 **Hageland**

Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø
tlf. +47 56 35 17 65
mobil +47 926 08 647

 **SKARSVÅG**
Rør og Interiør as

Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11
Besøksadresse og Postadresse:
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag : STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

REMA 1000

FREKHAUG SENTER
tlf.: 56 17 60 00

HELÅS AS

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reprasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilføyelse
- Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

KIWI mini oris

for alle med sans for lavpris
FREKHAUG SENTER
Åningstider: Man.-fred. 9.00-22.00
Lørd. 9.00 - 20.00

GUDSTENESTE- KALENDER



Meland

20.september

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Dåp og nattverd
Offer til Det Norske
Misjonsselskap

27.september

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Utdeling av 4 års bok
Dåp og nattverd
Offer til Søndagsskolen,
Bergen krins

4.oktober

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd
Offer til kyrkjelydsarbeidet

11.oktober

Kl.11.00 v/Håkon Økland
Kinsarvik
Dåp og nattverd
Offer til Det Norske
Misjonsselskap

11.oktober

Kl.19.30 v/Håkon Økland
Kinsarvik
Nattverd
Offer til kyrkjelydsarbeidet

18.oktober

Kl.11.00 v/Håkon Økland
Kinsarvik
50 års konfirmantar, nattverd
Offer til Åpne Dører

25.oktober

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Dåp og nattverd
Offer til HimalPartner

25.oktober

Kl.16.00 Møleg
barnefestkonsert, usikker pga
korona

1.november

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd.
Offer til Det Norske
Misjonsselskap

1.november

Kl.19.00 v/Håkon Økland
Kinsarvik
Minnegudsteneste

8.november

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Dåp og nattverd
Offer til Lærerakademiet

15.november

Kl.11.00 v/Håkon Økland
Kinsarvik
Dåp og nattverd
Lys vaken
Offer til kyrkjelydsarbeidet

15.november

Kl.19.30 v/Håkon Økland
Kinsarvik
Nattverd.
Offer til Det Norske
Misjonsselskap

22.november

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd.Besøk av prost
Helge Taranrød.
Offer til kyrkjefondet

29.november

Kl.20.00 v/Bjørn Tore Sæle og
Håkon Økland Kinsarvik
Lysmesse
Offer til Det Norske
Misjonsselskap

Varmare kyrkjekaffi

Tekst: Linda Ø. Kinsarvik og Vibeke B. Midttun

Foto: Regine S. Berg

To kveldar i juni og to kveldar tidleg i haust har det vore inspirerende og gode kurs med tittelen "Varmare kyrkjekaffi", der målet er å gjere kyrkjelyden varmare og meir inkluderande. Dette er eit kurs i regi av Meland sokn i samarbeid med Marianne Magnussen. Gjennom forskning og ei spørjeundersøking viser Marianne korleis stoda er i forhold til inkludering i Meland, og ho bruker mellom anna egne erfaringar og kreativitet som hjelpemiddel til å få deltakarane til å reflektere over kva inkludering er.

